



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 07.12.2015  
**Stad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 14.15  
**Tilstade:** Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem), Ane Ottesen (medlem), Arne Manger (vara), Sven Olav Saltnes (vara) (gjekk 11.00) og Siv Beate Marøy (vara)  
**Innkalla:** Rådmann Jarle Landås og ordførar Jon Askeland til sak 39/15  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Rune Mellingen (vara), Laila Seilfaldet Pletten (vara) og Mai-Liss Sylta Møn (vara)

---

### 36/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 37/15 Godkjenning av møteutskrift

Dette var første møte i kontrollutvalet for ny periode.

### 38/15 Skriv og meldingar

• **A. Brev til kontrollutvalet**

Saksvedlegg: Saksdokumenta er unntatt offentlegheit med heimel i offentleglova §13 og forvaltningslova §13 og vert lagt fram i møte.

*Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

**A. Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vel å sende saksdokumenta vidare til rådmannen, og ber om å få ei tilbakemelding frå rådmannen til neste møte i kontrollutvalet.

• **B. Orientering om sak 42/13 om sal av Hordabøheimen**

Leiar orienterte om handsaminga av saka i møte i kontrollutvalet 30.09.13.

**B. Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

### **39/15 Orientering frå ordførar og rådmann**

Rådmann Jarle Landås og ordførar Jon Askeland orienterte om oppgåver, roller og forventingar til kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringane.

### **40/15 Orientering frå revisjonen**

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonen sine oppgåver og organisering.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

### **41/15 Orientering frå sekretariatet og utdeling av «Kontrollutvalsboka»**

Sekretær Tonje Husum Aarland orienterte om sekretariatets oppgåver, relevante kurs til kontrollutvalet og delte ut «Kontrollutvalsboka».

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

### **42/15 Oppsummering av førre periode**

Leiar i kontrollutvalet, Arild Tverranger, ga ei oppsummering av førre periode og orienterte om relevante saker for denne perioden.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

Kontrollutvalet ønskjer å minne kommunestyret på at det føreligger eit forslag til vedtak i kommunestyret angående bestilling av forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune (sak 23/15, 15.09.15). Denne må behandlast i kommunestyret så snart som mogleg.

### **43/15 Møteplan for 2016**

Forslag til møteplan for 2016 vart lagt fram i møtet og diskutert.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtar møteplan for 2016 slik den ligg føre.

#### 44/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ønskjer tilgang til møteportalen. Kontrollutvalet minner også om at møteinnkallingar og protokollar skal verte oppdaterte og gjort tilgjengeleg fortløpande på kommunen sine heimesider.

#### 45/15 Eventuelt

- **A. Vurdering av revisjonen sin uavhengighet**

Saksvedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Radøy kommune, regnskapsåret 2015», vart lagt fram i møtet.

Revisjonen la fram sin vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet for regnskapsåret 2015.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok vurderinga av revisjonen sin uavhengighet til orientering.

- **B. Melding frå revisjonen**

Revisjonen ga ei kort orientering om behov for å endre til elektroniske rutinar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

Neste møte i kontrollutvalet vert 22. februar.

Manger, 7. desember 2015

  
Arild Tveranger/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær

